



Føregangsmannen Kristian Bringedal

– Kristian Bringedal har vore ein føregangsmann på fleire område i Kvinnherad, også i høve til bøkkerverkstaden i Uskedalen. Det sa Kristian Hus i innleiinga til kåseriet sitt laurdag kveld.

Før publikum fekk høyra om dei to bokprosjekta, «Godt vaksen», og den nye boka med utgangspunkt i det indre liv på alders- og sjukeheimane, gav kåsøren ros til den avtroppande kultursjefen.

Bringedal har vore ei drivkraft og lagt ned mykje arbeid for å gjenskapa bøkkerverkstaden til det han ein gong var. Det er vorte eit flott kulturminne, ikkje berre for Uskedalen, men for heile Kvinnherad og vidare med, sa Hus. Han tykte det var på sin plass å få fram dette, og samtidig takka Bringedal for innsatsen gjennom mange år, no når han sluttar som kultursjef i kommunen.

– Det er viktig for lokalsamfunna langs kysten å ha slike kulturminne som bøkkerverkstaden er blitt, sa Hus.

Bringedal fekk etterpå ståande applaus frå dei kring femti gjestene som var til stades på den vellukka bøkkervelden – i år for 19. gong på rad. Kristian kvitterte med å seia at han har lova å halda på i eitt år til, til 20-årsjubileet i 2017. Men då må ungdommen overta, då treng vi ei fornying, la han til.

Ikkje alle trudde på denne «lovnaden». For kva blir bøkkerverkstaden utan Kristian Bringedal?

Tekst: Ein meldar.

Arkivfoto: Kristian Hus

Nett: Thor Inge Døssland